



Referat frå styremøte i Fyresdal Idrettslag 21.05.2015

Til stades: Espen Valseth, Elisabeth Gasmann, Ann Merete Røed Momrak, Anne Mette Momrak og Kjell Ove Homme, totalt 5 stk

Forfall: Janne Teksle, Hege Rokseth og Elisabeth Taraldlien

Referent: Elisabeth Gasmann

Dato for neste møte: 01.09.2015, klokka 18.00.

09/15 Godkjenning av innkalling og referat frå møtet 12/3-15.

Godkjent.

10/15 Orienteringssaker.

- Plan for idretts- og kulturbygg, fleirbrukshall

Idrettsrådet har sendt eit brev til kommunen om at de ønskjer å være med på prosessen ved å planlegge fleirbrukshall. De stiller to personer til disposisjon.

- Idrettrådet

- Espen har blitt ny leder av idrettsrådet.
- Det er stort fokus på haldningsarbeid i idretten. Resterende pengar frå «Aktiv i Fyresdal» overføres til frivillighetsentralen, som blir starta nå til hausten. Det er ønskje om å oppretthalde fokuset på integrering i idretten i Fyresdal. Aktiv i Fyresdal ønskjer at vi fortsatt skal ha fokus på dette, sjølv om prosjektet avsluttas.
- Fotballgruppa har fått klage på sitt integreringsarbeid. Klagen gikk ut på at de var vanskelige. Det var problem med at fleire barn hadde kastet opp i bilene og foreldra ville til slutt ikkje ha med flyktningar i sine biler. I tillegg har fotballgruppa hatt problem med at påmeldingar til arrangement har komme inn etter fristane. Saken har blitt tatt opp i fotballgruppa, og de har kommunisert med integreringsansvarlig i kommunen. Nå tar barna reisesyketabelettar før de skal ut å kjøre + at de har med spyposer. Fotballgruppa sender innbydelsar og liknande direkte til integreringsansvarlig slik at fristane blir overheldt. Alt skal være ok nå. Fotballgruppa skal likevel fortsatt ha fokus på dette, og de skal følgje opp temaet på neste styremøte.

- Det går rykter om at det er mulig for gruppene i idrettslaget å søke «aktiv i Fyresdal» om pengar til sitt integreringsarbeid. Espen skal undersøke dette nærmare.
- Tor Gunnar Austjord og Hilde Momrak planlegger en samling til hausten. Det er for å avslutte «aktiv i Fyresdal» og for å gi en kick-start til frivillighetssentralen. De ønskjer å invitere gode foredragshaldarar.

11/15 Økonomi / Rekneskap

- Kort gjennomgang ift utsending av faktura

Vi har fått litt mindre frå Norsk Tipping i år, men vi har fått meir inntekter på julekalendersal.

Vi har brukt mye meir på ski, løypekjøring og administrasjon i år, men vi har brukt mindre på drift av garderobar/kiosk.

Underskot hittil i år er kr 51.807,90. Fakturaer for medlemskontingenten har nå blitt sendt ut.

12/15 Kort orientering frå gruppene.

Barneidrett: Dei har hatt avslutning for barneidrett og skikarusellen. Ca 20 barn med foreldre. Ann Merete lurar på om de skal ha barneidrett etter skikarusellen neste år. Det er styret einige i, og planen er å holde på fram til påske. For så å ha avslutning. Ann Merete holdar på å lage en oversikt over neste års aktiviteter. Hun kontaktar de hjelperane hun trengjer og skal få informasjon ut i kommuneinformasjonen.

Svømmegruppa: (info frå e-post frå Elisabeth T.)

-har fått tildela Svømmeaksjonen 2015 der det blir intensiv svømmeopplæring for flyktningborn i skulealder, 5 ettermiddagar andre veka i juni. Janne Teksle har teke på seg ansvar for opplegg, og vi har fått 4 vaksne til. Vil gje gruppa nettoinntekt på ca 15 000.

- svømmesesongen er på hell, ein del har avslutta då fotball er i gang. Held på med trening ut mai. Åshild og Rannei skal delta på eit stort internasjonalt stevne i Bergen til helga.

- er i gang med ny papirsalgrunde.

Fotball: Sesongen er i gang. Alle lag har spilt kamp. 10 lag i år. Antall spillere er omtrent som i fjor. Det er mange unge.

På teknikktreningane inne på samfunnshuset i vinter var det 20+ frå 11 år og oppover.

Fotballskule i Vinje nå til helga. 101 barn påmeldt totalt, 3 frå Fyresdal. 3 guttebarn på fotballskulen blir plukket ut til å være med på fotballtrening med trenere frå Colchester.

Trenerne frå Colchester skal ha eit foredrag for foreldre å trenere i Vest-Telemark den 22.05. Det blir i Vinje. Det kommer til å reise kun 3 frå Fyresdal.

3 jenter frå kvar klubb i Vest-Telemark skal få komme å trene på et akademi i Liverpool.

3 gutter frå kvart lag i Vest-Telemark skal på treningstur til Danmark.

19-22 juni skal det være fotballskule i Fyresdal. Sidan vi samarbeider med Odd for tida, skal vi prøve å få opp noen odd-spillere.

De prøver å bli ferdige med klubbhuset til den 19.06., slik at det kan bli offisiell opning i forbindelse med fotballskulen.

Innebandy: Det går bra. Trening to ganger i veka fortsatt, og det er en stabil gjeng som trener.

13/15 Bispevegsmarsjen og TA-trimmen.

- Orientering ved turansvarlig

Ta-trimmen blir i august. Anne Metter finner en dato, og skal få informasjon inn i kommuneinformasjon for juli/august.

- Avgjerd ift Bispevegsmarsjen

Viss Valle skal være med ønsker dei å flytte turen til 08. august i staden for 01. august. Dersom Valle trekker seg, så trekker vi oss også. Det er så få frå Fyresdal som stiller på denne turen, så det er ok for oss å endre dato. Anne Mette følger opp dette.

Vi skal høre med Fyresdal turgruppe om de ønsker å overta dette arrangementet neste år. Anne Mette sjekker med Gunhild Momrak.

14/15 Felles idrettsdrakt.

- Endelig avklaring/vedtak

Det blir vanskelig med dagens sponsorer.

Vi avsluttar arbeidet med dette. Det blir ingen felles klubbdrakt. Det går an for gruppene å ha sine egne drakter, og da kan man søke idrettslaget om støtte.

15/15 Julekalender

Hege starter vanlig prosess.

16/15 Ymse